

RehabNytte -studien

Muritunet skal frå 2019 til 2020 delta i multisenterstudien RehabNytte. Etter norsk målestokk eit unikt samarbeidsprosjekt mellom 17 institusjonar i spesialisthelsetenesta frå helse-regionane i Sør-Øst-, Vest-, Midt- og Nord- Norge.

Overordna måla med studien er å bidra til betre og meir effektive rehabiliteringstenester ved å:

- undersøke kva nytte pasientar har av rehabilitering
- auke kunnskapen om grad og omfang av brukar-medverknad
- kvalitetssikre måleinstrument til bruk i forskning
- å undersøke kva effekt innføring av kvalitetsindikatorar har for pasientar si helse, funksjon og livskvalitet etter rehabilitering
- å evaluere rehabilitering i Norge

Hovudmålet i prosjektet er å auke kunnskapen om kvaliteten i rehabiliteringstilboda ved dei deltakande institusjonane og om korleis kvaliteten kan sikrast og betrast. Utover å innhente denne kunnskapen vil prosjektet ha fleire nytteverdiar for dei deltakande rehabiliteringsinstitusjonane.

Dei 17 institusjonane inkluderer ulike pasientgrupper. På Muritunet får personar med kronisk muskel og blautdelssmerte og dei som tek del i tilbodet arbeidsretta rehabilitering tilbod om å delta i studien.

På Muritunet blir pasientar på døgnrehabilitering rekruttert i perioden 1. jan 2019 til 31. mar 2020. Inkluderte pasientar blir følgt over eit år med elektronisk datainnsamling via CheckWare.

Måletidspunkta er ved ankomst og avreise, og ved 3, 6 og 12 månader etter rehabiliteringsopphaldet.

Studien er organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom Muritunet, Åstveit Helsesenter, Skogli Helse og Rehabiliteringssenter, Montebello-senteret, Røde Kors Hauglandsenteret, HLF Briskeby, Stiftelsen CatoSenteret,

Sørlandets rehabiliterings- senter Eiken, Vikersund Kurbad, Røysumtunet, Ravneberghaugen, Evjeklinikken, NKS Helsehus Ahus, Hernes Institutt, Selli Rehabiliteringssenter, Opptreningscenteret i Finnmark, Stamina Ringerike Rehabilitering, og styret i VIRKE Rehab, brukarrepresentant frå FFO, Nasjonal Kompetansetjeneste for Revamtologisk Rehabilitering (NKRR), Nasjonal Kompetansetjeneste for Arbeidsretta Rehabilitering (NKARR) og Regional Kompetansetjeneste for Rehabilitering i Helse SørØst (RKR-HSØ).

Pasientar som deltek i studien blir førespurt gjennom skriftleg samtykke. Studien er forankra og godkjent av personvernombudet i Helse SørØst og fyl dei etiske prinsippa i Helsinkideklarasjonen.

